

# Valestiftinga

## Årsmelding

### 2006

Valestiftinga har i året som gjekk hatt mange aktivitetar som har engasjert folk i bygda. Det er lagt ned mange dugnadstimar. Oppslutnaden om stiftinga som institusjon har vore svært god. Prosjekta har hatt god framgang.

#### **Føremåls-paragrafen:**

"Valestiftinga skal ha til føremål på idelt og ikkje kommersielt grunnlag ta vare på, forvalta og utvikla natur og kulturhistoriske verdiar i noverande Valen skulekrins, til allmenntilgjengelige føremål til beste for bygdefolk, sjukehus og andre brukargrupper."

#### **Styremedlemer:**

##### På valg 2008:

Reidar Handeland, vara Rune Thorkildsen  
Sven Løkeland, vara Arnt Idar Teigen  
Ove Tvedt, vara Jon Inge Brendeland  
Arnfinn Mølster, vara Hans Petter Boge

##### På valg 2010:

Even Heimstad, vara Kjell Einar Thorkildsen  
Synnøve Handeland, vara Karin Harsvik  
Sissel Årseth, vara Kristian Bringedal  
Jarle Mehammer, vara Jorunn Avsnes

#### **Intern arbeidsfordeling:**

Leiar: Reidar Handeland

Kasserar/økonomi: Jarle Mehammer

Sekretær/skrivar: Sven Løkeland

Søknader/arkiv: Karin Harsvik

Juridisk støtte: Synnøve Handeland

Leiar arbeidsutval Kaien: Arnfinn Mølster

Leiar arbeidsutval postvegen: Ove Tvedt

Leiar arbeidsutval Turvegar/Stiar: : Sven Løkeland

PR/Internett-ansvarleg: Kjell Einar Thorkildsen

### På valg 2007:

Ny vara for Arnfinn Mølster etter Hans Petter Boge som er flytta frå bygda. Forslag frå valgkomiteen til nytt varamedlem: Kari Grete Sande. Kristian Bringedal går inn som fast styremedlem med vara Sissel Årseth.

### Møter og arrangement 2006:

14.02.06 Styremøte/Arbeidsutval

21.03.06: Årsmøte

10,11/5.06 Aktivitetsdager i Sagefallene. Samling med fokus på fysisk aktivitet og psykisk helse (Valen sjh )

31.05.06: Vårfest-i-Valen 2006. Folkevandring langs postvegen frå Valen til Handeland. Samarbeid med Valen oppvekstsenter/FAU

23.06.06 St. Hansfeiring på kaien

18.05.06 Styremøte

26.09.06 Styremøte

#### **Det har ellers vore kontakt og møter med desse:**

Valen båtforening/ båthavna (informasjon om prosjekt og felles interesser)

Kvinnherad husflidlag har halde medlemsmøte på Buo.

Kvinnherad kystlag (etablering på Valen)

Valen Vel, årsmøte 2007

Valen Bygdahus, årsmøte 2007

### Prosjekt og aktivitetar

- Kaien og Buo
- Postvegen
- Turvegar / Stiar
- PR / Internet = Valestiftinga.no
- Gml. kraftstasjonen
- Galtens venner

### **Kaien og Buo**

Arbeidsutval: Arnfinn Mølster, Rune Thorkildsen, Even Heimstad, Reidar Handeland, Sven Løkeland

#### Arbeid som er utført og som er under vegs:

##### **Kaien**

150 kvm nytt høgtykkimpregnert kaidekke er lagt. Den siste delen på 90 kvm vart lagt første halvår og gjort ferdig før sommarferien. Siste avslutninga står att med det siste bordet og 4x4 "skansekant " langs heile kaikanten. Det er sett opp 2 nye lyspålar på kaien, på samme staden der dei gamle stod. Her står att montering av lys. Høveleg gammal armatur er eit ynskje her. Vidare skal det

monterast skjørt på framsida av kaien. Planen er at alt dette skal stå ferdig før sommarferien 07.

### **Buo**

Bordkledning og nye vindu er bestilt. Ny "gammel" inngangsdør med vindusruter til trappehuset er ordna, denne vil komma på plass ved utskifting av bordkledning før sommarferien 07. Isolering av yttervegger vil då bli gjort, der dette kan gjerast.

I året som gjekk fekk me mange gåver til Buo, mellom anna ein del som før har hatt tilhøyring til kaien og butikklivet ved Valekaien. Dei vil inngå mellom dei kurositetane og "museumsgjenstandane" som vi over ei tid har samla på Buo.

Buo vart lånt ut til fleire eksterne/private arrangement i løpet av året. (Åremålsdagar og jubileum).

Det er kjøpt inn ei brakke som vonaleg skal kunna ta unda den stort trengte doløysinga på kaien.

Det er totalt lagt ned om lag 250 dugnadstimar på Kaien og Buo det siste året.

### **Postvegen 2006**

Arbeidsutvalet har vore samansett slik: Jarle Mehammer, Karin Harsvik, Arnt Idar Teigen, Hans Petter Boge og Ove Tvedt.

Det har vore halde eit møte. I tillegg har det vore mange planleggingsmøter ute saman med grunneigarar og innleigde maskinførarar.

### **Dette er gjort:**

#### **Postvegen nord, frå Valen til skifta mellom Teigen og Helland.**

\*Grusing over Eikelandshaugen ca 400 m. Frå Arild Helland til "Maiahuset"

\*Planlagt og rydda trasé over Severin Eskeland (Br nr 186/1 og 2). Den nye traséen går langs bøgarden.

\* Laga vegkjerne til "nye postvegen" frå "Maiahuset" til Eplehagen.

Det er utført 143 dugnadstimar og 65 "traktortimar" til ein samla dugnadspris på kr. 33 410,-

23 personar har delteke

#### **Postvegen Helland**

\*Planlagt og rydda trase over Helland (Br nr 142/1,2,7 og 8).

\*Restaurert gamle Hellandsbrua.

\*Sett i stand vegkjerna på den gamle riksvegen.

\*Laga "ny Postveg" over Br nr 142/8 og 2, langs bekken over gamal Postveg-bru ned til vatnet og langs vatnet bort til steingarden.

Det er utført 278 dugnadstimar og 38 traktortimar til ein samla verdi av kr 42 860,- . 19 personar har delteke.

Takk til alle som har delteke med arbeid og traktor. Samla dugnadsinnsats er kr 76 270,-

### **Turvegar / Stiar**

Arbeidsutvalg: Sven Løkeland i samarbeid med Helse Fonna/Valen Sjukehus ved Ergoterapien og Folgefonn DPS Dagposten.

Dette arbeidet er videreført som en pasientaktivitet (i snitt 3 - 4 pasienter), etter en modell der Valen sjukehus og Folgefonn DPS bidrar med personell (3) og verktøy / utstyr og traktor og Valestiftinga dekker utlegg til material i hovedsak planker til gangveier og broer. Denne aktiviteten er meget populær og foregår hver fredag gjennom hele året.

### **Dette er gjort i 2006:**

I Sagefallområdet er det laga ein lengre aktivitets - balanse / "Tarzanløype" med mange forskjellige hinder, bl.a. trestammer som vekselvis og på forskjellig vis er hengt opp i tau og fastmontert til trær langs løypa. I anlegget inngår og ei hengebru som er sikra med ein duk av not og i andre enden ei trebru. Det er rydda vekk mykje stein og ein har i størst mulig grad prøvd å planere underlaget. Sjukehuset har hatt sakkunnig befaring av ein fagperson frå Haugesund kommune for å sikra at anlegget blir mest mulig forsvarlig utforma og sikra. Etter synfaringa blei ein del gjenstående store steinar prøvd "sprengt" med "trollkraft", men utan særleg resultat. Denne jobben må gjerast på nytt nå til våren. Truleg må det borast djupare hol, eller ein må bruke dynamitt. I tillegg skal deler av underlaget dekkast med flis. Anlegget blei på førsommaren 2006 mykje brukt av skule, barnehagebarn og pasientar, men er nå stengt i påvente av dei gjenstående store steinane skal sprengjast og underlaget sikrast med flis.

Det er vidare laga ei ny bru ved Tungeva, ovanfor Søsterheimen, på ruta til Olderbotn og Gråskallemyrane. Det er og lagt ut nokre fleire gangveier på Spiredals-stien.

Den første rastehytta som skal reises ved "Nya-Sago" er under prefabrikasjon på snikkerverkstaden og vil etter planen bli reist i løpet av 2007. Dette arbeidet er og organisert som ein pasientaktivitet.

I haust/vinter har ein arbeidd med å rydda trase (einer, små-tre og anna vegetasjon) langs sjøen mot Valevågen. Dette arbeidet er nå ferdig fram til

badeplassen på Valøya. Etter at det er rydda trase skal det byggjast gangveier over dei fuktigaste partia slik at ein får ei rundløype rundt Valøya. Det er og planlagt ei rastehytte i samband med denne løypa. Det vil bli søkt om fylkeskommunale nærmiljømidlar til vidareføring av dette arbeidet.

Avslutningsvis skal det nemnast at pasientar under leiing av snikkar og fritidsleiar nå er med på å rive gammal kledning på Buo.

### **PR / Internet = Valestiftinga.no**

Ny heimeside på Internet vart sett i drift 17. april 2005. Heimesida vår har hatt 5368 besøkjande sidan oppstart. Det har vore intensjonen å få sida til å vera informasjonskanalen vår utad, men me har ikkje lukkast med dette siste året. Arbeidet krev resursar og ynskjet er at desse oppgåvene kan delast på fleire. Fornyng av heimesida er under arbeid.

### **Galtens venner**

Galtens venner har som formål å ivareta gamle kulturminner og tradisjonar i Valebygda og er Valestiftinga sin medlemsorganisasjon.

Kvart år blir det laga aksjebrev som er medlemsbevis for dei som er tilslutta laget. Kvart aksjebrev er prissett til kr 100. Sal av aksjebrev tar til i samband med st. Hans -feiringa som vi vonar kan bli tradisjon på Valekaien.

### **Gml. kraftstasjonen**

Eigen årsmelding er sendt til Hordaland Fylkeskommune. Sjå vedlegg.

### **ØKONOMI**

Årsrekneskap 2006, sjå vedlegg.

*Me takkar for all støtte i året som gjekk!*

Styret 27.03.2007  
v/Reidar Handeland  
Leiar